

SANDØY KOMMUNE  
Kontrollutvalet

30.03.2015

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemmane av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag 08.04.2015 kl. 14.30 på Sandøy Rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 01/15 - Godkjenning av møtebok frå 14. oktober 2014
- « 02/15 - Rådmannen sine uttalar om lønnsrevisjonsrapport
- « 03/15 - Vedkomande fullmakter ved rettsforlik i Romsdal tingrett 29.01.2015
- « 04/15 - Vurdering av habilitet og prosedyre for lukking av møte
- « 05/15 - Om rundskriv datert 30.01.2015 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om folkevalde si teieplikt ved lukking av møte  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [harald.rogne@sksiks.no](mailto:harald.rogne@sksiks.no).

Helge Ervik  
leiar  
(sign.)

# KONTROLLUTVALET I SANDØY KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 14. oktober 2014, kl. 15.45

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av Helge Ervik

Elles til stades:

Anne Iversen og Ann Helen Harnes

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar, Harald Røgne

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei

Frå Sandøy kommune møtte ordførar Hans Endre Sæterøy i sak 13/14 og 14/14. Rådmann Ann-Heidi Paulsen Orvik møtte i sak 15/14

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

### **SAK 13/14**

#### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 3. SEPTEMBER 2014**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 3. september 2014 blir godkjent.

### **SAK 14/14**

#### **OVERTIDSBETALING/MEIRUTBETALING TIL RÅDMANNEN – NY BEHANDLING**

Saksdokument datert 08.10.2014 frå kontrollutvalsekretariatet.

Framlagt innstilling frå kontrollutvalsekretariatet var følgjande:

*Kontrollutvalet oppmodar kommunestyret til å vurdere om avtalen skal nullstillast.*

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vurderer det slik at denne lønnsavtalen med rådmannen omhandlar lønn i sentrale leiarstillingar. For å ivareta tillit og omdøme i Sandøy kommune skal avtalen leggest fram for kommunestyret til politisk behandling.

**SAK 15/14**

**TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2014**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.10.2014.  
Orientering gitt av rådmannen i møtet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Helge Ervik  
leiar  
(sign.)

Anne Iversen  
nestleiar  
(sign.)

Ann Helen Harnes  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sandøy kommune

Dato: 30.03.2015

**SAK 02/15**  
**RÅDMANNEN SINE UTTALAR OM LØNNSREVISJONSRAPPORT**

Som vedlegg følger:

- Brev frå kommunerevisjonen datert 11.12.2014
- Brev frå kontrollutvalsekretariatet datert 02.03.2015
- Brev frå rådmannen datert 03.03.2015 (Unnateke offentlegheit off. lova § 13 og fvl. § 13, blir delt ut i møte)

Bakgrunnen for brevet frå kontrollutvalsekretariatet er at rådmannen i formannskapet i sak 14/67 opplyste at revisjonen skal ha klassifisert enkelte lønnsutbetalingar som korrupsjonsliknande. Desse opplysningane går ikkje fram av møteboka til formannskapet. I kommunestyret sitt møte 11. september 2014 - i ein lukka sekvens ga rådmannen liknande informasjon til kommunestyret. Saka der denne informasjonen vart gitt stod ikkje på saklista til kommunestyret. Som grunnlag for desse påstandane viste rådmannen til ein lønnsrevisjon frå kommunerevisjonen. Saka kjem ikkje fram i møteboka til kommunestyret, men det ligg føre ei pressemelding.

Kommunerevisjonen har i følgje brevet ikkje levert nokon rapport om lønnsrevisjon som har gitt grunnlag for påstandane frå rådmannen. I brevet frå kommunerevisjonen går det fram at dersom saka hadde blitt sett på som korrupsjonsliknande, ville forholdet blitt vurdert på sjølvstendig grunnlag og straks rapportert til kontrollutvalet i medhald av forskrift om revisjon § 4, nr. 3.

I brev av 03.03.2015 tek rådmannen opp igjen påstandane om korrupsjonsliknande forhold og nemner forhold som revisjonen skal ha orientert om. Rådmannen refererer til påstandar frå tilsette og egne teoriar. Desse påstandane og teoriane er ikkje stadfesta gjennom noko form for undersøking med tilhøyrande konklusjonar.

For behandling av eventuelle misleghaldsaker finst det egne retningsliner utarbeidd av fagmiljøa. I desse er det vist til saksbehandling og prosedyrar. Rapportering av misleghald krev at den som rapporterer er sikker i si sak. Ein vær-varsam plakat gjeld i slike saker og den

som involverer seg i slike saker må vere lydhør og skeptisk på same tid, sikre rettstryggleik, mobilisere motvekt mot førehandsdømming og ein må unngå ryktespreiing. Det er derfor viktig at sakene blir førelagt dei ulike organa i rett rekkjefølge. Det naturlege er at saka startar i kommunerevisjonen som utgreier og rapporterer til kontrollutvalet som igjen rapporterer til kommunestyret dersom det er noko å rapportere. I dette høvet har rapporteringa gått motsett veg utan undersøking som stadfestar eller avkreftar korrupsjonsliknande forhold. Dette har skjedd på tross av at kommunerevisjonen ikkje har innrapportert korrupsjonsliknande forhold til kontrollutvalet.

Korrupsjon er ei svært alvorleg skuldning og leiinga må ha trygge haldningsreglar som bygg på etikk, objektivitet og ikkje på urett når slike saker blir behandla.

Det set saka i eit merkeleg lys når kommunerevisjonen ikkje understøttar rådmannen og det kan vere grunn til å tru at rådmannen har feilinformert både formannskapet og kommunestyret. Dette blir vidare understøtta av at kommunerevisjonen har rapporteringsplikt til kontrollutvalet i slike saker og kontrollutvalet har ikkje motteke rapport.

Saka blir lagt fram for kontrollutvalet til orientering og vurdering av ei eventuell innstilling til kommunestyret.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Sandøy kommunestyre

Vår sakshandsamar:

Dato:

11.12.2014

Referanse:

### VEDK. LØNNSREVISJONSRAPPORT

Det blir vist til PS sak 14/45 – Lønnsrevisjonsrapport  
kommunestyret 11.12.2014.

som skal behandlast i


Det blir vidare vist til telefonsamtale med rådmannen 10.12.2014, der rådmannen refererte frå  
behandlinga av saka i formannskapet.

Med bakgrunn i samtalen, vil kommunerevisjonen presisere at ein ikkje har vurdert denne saka som  
«korrupsjonsliknande». Dersom vi hadde vurdert dette slik, ville forholdet blitt undersøkt av  
kommunerevisjonen på sjølvstendig grunnlag, og straks rapportert til kontrollutvalet i medhald av  
forskrift om revisjon § 4, nr. 3.

Avslutningsvis vil vi også presisere at kommunerevisjonen ikkje har avlagt nokon eigen  
lønnsrevisjonsrapport i saka, men har hatt god dialog med ekstern konsulent undervegs. Vi viser til  
konklusjonane i rapport frå denne, datert 31.10.2014. Kommunerevisjonen deler desse.

Dette til kommunestyret si orientering.

Med helsing

  
Kjetil Bjørnsen  
Kommunerevisor

Kopi: Kontrollutvalet  
Rådmannen

Postadresse:  
Postboks 7734, Spjelkavik  
6022 Ålesund

Besøksadresse:  
Lerstadvegen 545, 4 etg.  
Epost:  
komrev3@komrev3.no

Telefon:  
70 17 21 50  
Telefaks:  
70 17 21 51

Bankkonto:  
6540 05 00465  
Føretaksregisteret:  
NO 971 562 587



## SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Vår dato:  
02.03.2015  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Sandøy kommune  
Rådmannen  
Rådhuset

6487 Sandøy


### **Brev frå kommunerevisjonen datert 11.12.2014 vedkomande lønnsrevisjonsrapport og 18.02.2015 om rettsforliket av 29.01.2015**

Breva følgjer vedlagt. Når det gjeld brevet av 11.12.2015 ber eg om å få opplyst med få ord kva desse korrupsjonsliknandne forholda som er nemnt i brevet går ut på og kven som er involvert i desse.

Når det gjeld brevet av 18.02.2015 ber eg om å få opplyst kva fullmakt som var gitt til ordførar og rådmann til rettsforliket og kven som hadde gitt slik fullmakt. Eg ber vidare om å få opplyst kva dette rettsforliket totalt sett har kosta kommunen i form av kommunale advokatutgifter, saksomkostnader og eige arbeid internt i kommunen.

Eg ber om svar innan torsdag 5. mars.

Helsing

  
Harald Rogne  
dagleg leiar

Kopi: Ordførar

Postadresse  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 Ålesund

Besøksadresse  
Lerstadvegen 545, 4 etg.

Telefon  
70 17 21 58  
97 60 57 83

Telefaks  
70 17 21 51

Bankkonto  
6543 05 24474

E-postadresse  
kontrollutvalg@kontrollutvalg.no

Foretaksregisteret NO 889117192

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sandøy kommune

Dato: 30.03.2015

**SAK 03/15  
VEDKOMANDE FULLMAKTER VED RETTSFORLIK I ROMSDAL TINGRETT  
29.01.2015**

Som vedlegg følger:

- Brev frå kontrollutvalsekretariatet datert 02.03.2015
- Brev frå kommunerevisjonen datert 18.02.2015
- Brev frå rådmannen datert 03.03.2015 (Unnateke offentlegheit off. lova § 13 og fv1. § 13, blir delt ut i møte)
- E-post datert 04.03.2015 frå økonomisjefen om kostnader ved rettsforliket

Det blir i brevet frå rådmannen opplyst at ordførar hadde avklara fullmakt til rettsforliket med kommunerevisjonen. Den same informasjonen har tidlegare blitt gitt i møte. Kommunerevisjonen derimot skriv at dei ikkje har uttala seg i høve om ordførar eller rådmann er gitt nødvendige fullmakter frå kompetent organ til å binde Sandøy kommune ved eit rettsforlik.

Dette er den andre saka på kort tid der det er manglande samsvar mellom det kommunerevisjonen opplyser å ha sagt og det kommunen seier.

Kommunerevisjonen viser til kommunelova § 9 der det går fram at ordførarar er kommunen sin rettslege representant, men at ordførar ikkje kan handle på eiga hand, at det må fullmakter til og at fullmakta skal gjevast av kompetent organ – kommunestyret. Kommunerevisjonen viser m.a. til delegeringsreglementet som gir rådmannen mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller type av saker som ikkje har prinsipiell betydning. Det blir forøvrig vist til vedlagte brev.

Det går fram av vedlegget at kommunen har hatt ein kostnad på 1.266.022 kroner til rettsforliket. Det har seinare blitt opplyst at meirutgifter er pårekna.

Eit beløp på 1.2 til 1.3 mill. kroner er eit vesentleg beløp i Sandøy kommune. Beløpet er ikkje budsjettert og det må skaffast dekning i budsjettet. Å handtere personalsaker inn mot



rettsapparatet er ofte kompetansekreivjande. Det er derfor viktig at saksbehandlenga er profesjonell. Etter kommunelova § 23 nr. 3 er det rådmannen sitt ansvar at sakene er forsvarleg utgreidd. Det kan vere negativt for kommunen sitt omdøme å tape slike saker i arbeidsretten. Det er vidare uheldig å ikkje ha kunnskap om kva fullmakter dei ulike organa i kommunen har og at dette har medført brot på fullmakter.

Saka blir lagt fram for kontrollutvalet til orientering og for nærare vurdering av eventuell innstilling til kommunestyret.

Harald Rogne  
dagleg leiar



## SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Vår dato:  
02.03.2015  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Sandøy kommune  
Rådmannen  
Rådhuset

6487 Sandøy

### **Brev frå kommunerevisjonen datert 11.12.2014 vedkomande lønnsrevisjonsrapport og 18.02.2015 om rettsforliket av 29.01.2015**

Breva følgjer vedlagt. Når det gjeld brevet av 11.12.2014 ber eg om å få opplyst med få ord kva desse korrupsjonsliknande forholda som er nemnt i brevet går ut på og kven som er involvert i desse.

Når det gjeld brevet av 18.02.2015 ber eg om å få opplyst kva fullmakt som var gitt til ordførar og rådmann til rettsforliket og kven som hadde gitt slik fullmakt. Eg ber vidare om å få opplyst kva dette rettsforliket totalt sett har kosta kommunen i form av kommunale advokatutgifter, saksomkostnader og eige arbeid internt i kommunen.

Eg ber om svar innan torsdag 5. mars.

Helsing

Harald Rogne  
dagleg leiar

Kopi: Ordførar

Vår sakshandsamar:

Vår dato:  
18.02.2015  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Kopi:

**Kontrollutvalet**  
Rådmannen  
Gruppeleiarane

Sandøy formannskap  
v/ordfører  
Rådhuset

6487 Harøy

### **VEDK. RETTSFORLIK SANDØY KOMMUNE - ROMSDALS TINGRETT 29.01.2015**

Det vert vist til telefonsamtalar mellom underteikna og ordføraren 23.01.2015 og 26.01.2015, der spørsmål om fullmakter i tilknytning til føreståande rettsmekling 29.01.2015 mellom Sandøy kommune og tidlegare rektor ved Harøy skule, var tema.

Ei rettsmekling går ut på at partane sjølv finn ei løysing på konflikten ved å bruke ein meklar (vanlegvis ein domar i domstolen som behandlar saka). Avtalen ein kjem fram til, blir rettskraftig på lik line med ein dom. Med bakgrunn i dette, må dei som forhandlar på vegne av kommunen, ha nødvendige fullmakter til å inngå bindande forlik.

Etter kommunelova § 9 er ordføraren Sandøy kommune sin rettslige representant. I denne samanheng er det viktig å understreke at ordføraren ikkje kan handle på eiga hand. Det må likevel fullmakter til, og denne fullmaka skal gjevast av kompetent organ – kommunestyret.

I telefonsamtale med ordføraren 26.01.2015, ga eg tilbakemelding om at ein eventuell avtale kunne forhandlast fram med atterhald om godkjenning i kommunestyret, evt. at formannskapet godkjente avtalen i medhald av kl. § 13 («hasteparagrafen»).

Tilbakemeldinga frå ordføraren var at ein hadde avklart problemstillinga, og at det ikkje var nødvendig med godkjenning i kompetent organ, ettersom ein evt. avtale gjennom eit rettsforlik var å sjå på som ein del av den ordinære drifta av kommunen og bindande for Sandøy kommune.

Frå mi si side vart det vist til den innskrenkinga i fullmakter som kommunestyret gjorde i høve forhandlingsutvalet hausten 2014, og at det i lys av dette ville vere tenleg å forankre ein evt. avtale i kompetent politisk organ.

Etter delegeringsreglementet til Sandøy kommune har rådmannen mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller type av saker som ikkje har prinsipiell betydning, med mindre anna går fram av lov, forskrift eller vedtak om delegering. Rådmannen har delegert mynde til å opprette og legge ned stillingar, samt å treffe avgjersle i personalsaker.

Vår dato:  
18.02.2015

Vår referanse:

I følge delegeringsreglementet for Sandøy kommune, er ei sak rekna som kurant/ikkje prinsipiell når det ligg føre lover, retningsliner ol. for korleis saka skal handsamast, og/eller ein har praksis for handsaming av tilsvarande saker. Døme på område som kan krevje kvalifisert avklaring, er om saka kan medføre ansvar for kommunen som går utover kva saka handlar om.

Rettsforliket medfører ein vesentleg økonomisk disposisjon for Sandøy kommune.

Kommunerevisjonen har ikkje uttalt seg i høve om ordførar eller rådmann er gitt nødvendige fullmakter frå kompetent organ til å binde Sandøy kommune i eit rettsforlik.

Dette til orientering.

Med helsing



Kjetil Bjørnsen  
dagleg leiar

## Harald Rogne

---

**Fra:** Ingunn Breivik <Ingunn.Breivik@sandoy.kommune.no>  
**Sendt:** 4. mars 2015 15:05  
**Til:** 'harald.rogne@kontrollutvalg.no'  
**Emne:** Kostnader knytta til rettsforliket

Hei..

Her er ei oversikt over utgifter i samband med rettsforliket med Nils Magne Abelseth, med forbehold om at alle tal er med/riktig.

1. Rettsforlik kostnader:	kr.	990.000,-		
2. Utgifter til Adv. <del>Enksen, Skolelederforbundet</del>	«	112.500,- inkl. mva		
3. Utgifter til Adv. Lauareid (KS)	«	81.747,-	«	«
4. Arbeid inkl. sos. utg.	«	76.775,-		
5. Reiseutgifter	«	<u>5.000,-</u>		
Total	kr.	<u>1.266.022-</u>		

Mvh  
Ingunn Breivik  
Sandøy kommune

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sandøy kommune

Dato: 30.03.2015

**SAK 04/15**  
**VURDERING AV HABILITET OG PROSEDYRE FOR LUKKING AV MØTE**

Frå medlem av kontrollutvalet har det kome spørsmål om vurdering av habilitet og lukking av møte. Ei kort orientering blir gitt her.

Kommunelova § 40 har reglar om avgjersle av habilitet. Det er kommunestyret sjølv som med alminneleg fleirtal avgjer om eit medlem er habil, jf. forvaltningslova § 8 andre avsnitt. Dersom det blir reist spørsmål ved eit medlem sin habilitet, må vedkomande få høve til å uttale seg om habilitetsspørsmålet, men må fråtre ved eventuell debatt om spørsmålet og ved avgjersla.

Dersom det i same sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire medlem, kan ingen av dei ta del i avgjersla, verken av sin eigen habilitet eller andre medlem sin habilitet – under føresetnad av at organet likevel er vedtaksført. Dette gjeld uansett om det er påstått inhabilitet på same grunnlag eller på forskjellig grunnlag. Dersom organet ikkje vil vere vedtaksført dersom dei medlemmane som er påstått inhabile, må fråtre, skal alle møtande medlem ta del i avgjersla. Kommunestyret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er tilstades.

Etter forvaltningslova § 8 tredje avsnitt har medlem av eit organ plikt til å vurdere sin eigen habilitet og seie frå om forhold som kan gjere dei inhabile. Leiaren av organet har også ei viss plikt til på førehand å vurdere om nokre av medlemmane kan vere inhabile og som ein reknar med vil måtte fråtre som inhabile. Etter forvaltningsloven § 8 tredje avsnitt bør varamedlem kallast inn til å møte ved avgjersla.

Nærare reglar om habilitet (også for politikarar) går fram av forvaltningslova. Av § 6 går det fram at ein er inhabil når ein sjølv er part i saka og når ein er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje so nær som søsken. Det betyr at ein ikkje treng vere inhabil dersom ein part er søskenbarn. Ein er inhabil når ein er eller har vore gift med eller er fosterforeldre eller fosterbarn til ein part. Det same gjeld dersom ein er verje eller fullmektig for ein part etter at saka begynte.

Det mest diffuse punktet er habilitetsvurderingar etter § 6 andre ledd der det går fram at ein er inhabil når særleine forhold ligg føre som kan svekke tilliten til upartiskheit. Vennskap og uvennskap er døme på slike forhold.

### **Lukking av møte**

Lukking av møte er omtala i kommunelova § 31. Det skal treffast formelt vedtak som skal protokollførast. Debatten om lukking av møte kan haldast for lukka dører, men votering skal haldast for opne dører. Vedtaket skal grunngjevast.

Det er fleire heimlar for lukking av møte i koml. § 31. § 31 nr. 2 gjeld teieplikt, § 31 nr. 3 gjeld personalsaker og § 31 nr. 4 gjeld personvern og § 31 nr. 5 gjeld tungtveiande offentlege interesser. Desse to siste er «kanreglar» og der må et må det også visast til unntaksheimel i Offentleglova.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sandøy kommune

Dato: 30.03.2015

**SAK 05/15  
OM RUNDSKRIV DATERT 30.01.2015 FRÅ KOMMUNAL- OG  
MODERNISERINGSDEPARTEMENTET OM FOLKEVALDE SI TEIEPLIKT VED  
LUKKING AV MØTE**

Det aktuelle rundskrivet samt eINFO 15/2 frå NKRF følgjer vedlagt.  
Det blir gitt ei orientering i møtet.

Harald Rogne  
dagleg leiar





DET KONGELIGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Kommunene  
Fylkeskommunene  
KS

Deres ref

Vår ref

Dato

15/200 1

30.01.2015

**Kommunale og fylkeskommunale reglementer om folkevalgtes taushetsplikt ved lukking av møter**

I løpet av de siste månedene er det kommet flere undersøkelser og medieoppslag som viser at en rekke kommunale og fylkeskommunale reglementer på enkelte punkter ikke er i tråd med gjeldende rett. Dette gjelder særlig regler om rekkevidden av de folkevalgtes taushetsplikt når et folkevalgt organ behandler en sak i et lukket møte.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil på denne bakgrunnen minne kommunene og fylkeskommunene om departementets rundskriv som beskriver den rettslige adgangen til å pålegge folkevalgte taushetsplikt om forhandlingene i lukkede møter gjennom lokalt vedtatte reglementer (såkalt instruksbasert taushetsplikt).

I mars 2000 ga departementet ut rundskriv H-2112 om taushetsplikt for folkevalgte. I rundskrivet redegjøres det for gjeldende regler om taushetsplikten for de folkevalgte og adgangen til å pålegge taushetsplikt om opplysninger som ikke er taushetsbelagt i lov eller i medhold av lov. Når det gjelder forholdet til lukkede møter står det klart i rundskrivets punkt 3.3 at det kun er de taushetsbelagte opplysningene som fremkommer i et lukket møte de folkevalgte har taushetsplikt om. Det at møtet er lukket innebærer i seg selv ikke at de folkevalgte får taushetsplikt om alle opplysninger som fremkommer på møtet. Det spesifiseres at det heller ikke er adgang til å innføre en slik taushetsplikt i et kommunalt reglement, jf. rundskrivets punkt 5.5 og 5.6.

Kommunene og fylkeskommunene ble i rundskrivet anmodet om å endre sine reglementer i den grad de gikk lenger i å pålegge de folkevalgte taushetsplikt enn det som følger av lov.

I departementets normalreglement om folkevalgtes innsynsrett som ble utgitt i 2004 (Veileder H-2142), er det også inntatt bestemmelser om folkevalgtes taushetsplikt ved lukking av møter. I normalreglementets punkt 4.2 annet ledd står det følgende om taushetsplikten ved lukkede møter:

”Når en sak behandles for lukkede dører etter kommuneloven § 31, plikter de folkevalgte å bevare taushet om opplysninger som etter lov er underlagt taushetsplikt.”

Det presiseres i merknadene til bestemmelsen at de folkevalgte kun har taushetsplikt om opplysninger som er taushetsbelagte i lov eller i medhold av lov. Det er ikke anledning til å pålegge folkevalgte en generell taushetsplikt om opplysninger selv om disse er unntatt offentlighet etter offentlighetsloven. Det er heller ikke slik at opplysninger blir taushetsbelagte kun fordi de er unntatt offentlighet eller gjelder saker som behandles i lukkede møter.

Før rundskrivet fra 2000, var det i juridisk teori og tidligere rundskriv fra departementet, lagt til grunn at kommunestyret kunne vedta at de folkevalgte hadde taushetsplikt om forhandlinger i lukkede møter. Ved årtusenskiftet ble det på bakgrunn av nye juridiske utredninger fastslått at kommunene likevel ikke har rettslig adgang til å pålegge de folkevalgte en slik utvidet taushetsplikt.

Som nevnt er det fremdeles flere kommuner og fylkeskommuner som ikke har endret sine reglementer slik at de er i samsvar med gjeldende rettsoppfatning. Disse kommunene og fylkeskommunene har bestemmelser i sine reglementer som pålegger de folkevalgte taushetsplikt om forhandlinger i lukkede møter, og dermed går lenger enn det som følger av lov og rundskriv fra departementet. En slik reglementsbasert taushetsplikt som gjelder alle forhandlinger i lukkede møter, vil da gjelde for opplysninger som ikke er omfattet av den lovbestemte taushetsplikten i for eksempel forvaltningsloven § 13 første ledd.

Departementet minner derfor om de ovennevnte rundskrivene, og oppfordrer kommunene og fylkeskommunene om å ta en gjennomgang av sine reglementer og foreta de nødvendige endringene. Rundskrivene er tilgjengelige på departementets hjemmeside [www.regjeringen.no/kmd](http://www.regjeringen.no/kmd).

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Edvard Aspelund  
seniorrådgiver

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*

## eINFO 15/2 – Regler og prosedyrer for unntak fra offentlighet og lukking av møter

### 1.

Etter at kommuneloven § 78 nr. 7 er endret, er det ikke lenger nødvendig å vise til denne bestemmelsen når det er aktuelt å unnta et dokument eller en opplysning fra offentlighet. Det vil være tilstrekkelig å begynne med å vise til en av bestemmelsene i offentliglova kapittel 3 om unntak fra innsynsretten. Den mest aktuelle bestemmelsen her er § 13, som unntar opplysninger som er underlagt taushetsplikt, fra offentlighet. Når man nytter denne bestemmelsen, må man også vise til den bestemmelsen som pålegger taushetsplikten. Her er den mest aktuelle bestemmelsen forvaltningsloven § 13, som pålegger taushetsplikt vedrørende «noens personlige forhold» og det vi kan kalle «drifts- og forretningshemmeligheter». I disse tilfellene har man *plikt* til å unnta fra offentlighet.

Det er viktig å være oppmerksom på at når man nytter offentliglova § 13, er det i utgangspunktet bare *opplysninger* i et dokument som kan unntas, ikke hele dokumentet. Men hvis et av vilkåra i offentliglova § 12 er oppfylt, har man *adgang* (men altså ikke plikt) til å unnta hele dokumentet.

Når man gir innsyn i et dokument som inneholder taushetsbelagte opplysninger, må man altså fjerne disse, f.eks. ved sladding.

Når man mottar et dokument, kan det være praktisk å vurdere med det samme om det kan være aktuelt å unnta fra offentlighet, og i så fall notere på dokumentet og i journalen f.eks.:

«*opplysninger unntatt offentlighet - offl. § 13 jf. fvl. § 13*» eller

«*dokumentet u. o. – offl. § 13, jf. fvl. § 13 jf. offl. § 12*».

### 2.

Etter at den tidligere bestemmelsen i kommuneloven § 77 nr. 8 blei opphevd, gjelder koml. § 31 om møteoffentlighet også for kontrollutvalget. Det er derfor nødvendig å gjøre noen grep tilsvarende dem som er nevnt under 1, hvis man skal holde et møte i kontrollutvalget for lukte dører. I koml. § 31 nr. 2 og 3 er det fastsatt at et folkevalgt organ *skal* vedta å lukke et møte når det skal behandle en sak underlagt lovbestemt taushetsplikt eller en sak som gjelder en arbeidstakers tjenstlige forhold. Videre er det fastsatt i koml. § 31 nr. 4 og 5 at organet *kan* vedta å lukke et møte når omsynet til personvern eller tungtveiende offentlige interesser tilsier det. Debatten om lukking av et møte *kan* holdes for lukte dører; avstemningen *skal* holdes for åpne dører, jf. koml. § 31 a.

Norges Kommunerevisorforbund  
– på vakt for fellesskapets verdier

Postadresse:  
Postboks 1417 Vika  
0115 OSLO

Besøksadresse:  
Munkedamsveien 3B, 3. etg.

Telefon: 23 23 97 00  
E-post: [post@nkrf.no](mailto:post@nkrf.no)  
Web: [www.nkrf.no](http://www.nkrf.no)

Org.nr.: 975 450 694  
Kontonr.: 1450.12.70424

Det er ingen automatikk i at et møte blir holdt for lukte dører. Bestemmelsene innebærer at spørsmålet om å lukke dørene må tas opp til regulær behandling i organet, og avgjørelsen må protokolleres, fortrinnsvis med tilføyelse av hvilke lovbestemmelser som er lagt til grunn.

Oslo, 5. mars 2015

Bernt Frydenberg  
Juridisk rådgiver